



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato
03.05.2016
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2016/600 363.3
Dykkar referanse
«REF»

Til kommunane
Askøy, Bergen, Bømlo, Etne,
Fjell, Odda, Meland og Vaksdal

Tilsegn om skjønnsmidlar 2016 - prosjekt busetting av flyktningar

Vi viser til kommunen sin søknad om skjønnsmidlar til prosjekt om busetting av flyktningar. Kommunen Dykkar er ein av åtte kommunar som blir tildelt slike midlar i 2016.

Bakgrunn

På oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet leiar Fylkesmannen i Hordaland i 2015 og 2016 eit prosjekt som har mål om auka og raskare busetting og integrering av flyktningar i fylket. I brev frå oss av 9. februar 2016 blei kommunane i Hordaland inviterte til å søke skjønstilskot til prosjekt om busetting av flyktningar. Eit viktig føremål med tilskotet er å gi kommunane høve til å prøve ut nye løysingar når det gjeld busetting, integrering og kvalifisering av flyktningar.

Om søknadane

Totalt har vi fått inn 17 søknadar frå ni kommunar. Samla søknadssum er i underkant av kr. 14 mill. Fylkesmannen gir stønad til tolv ulike prosjekt. I utveljinga av prosjekta har vi samarbeidd med IMDi, NAV og Husbanken. Nokre prosjekt er planlagde over to eller fleire år. Vi kan ikkje no gi signal om tilskotsbeløp etter 2016, då det mellom anna avheng av kor stor fylkesramma for skjønstilskot vil bli dei komande åra.

Tilsegn om skjønnsmidlar 2016

Tilsegn om skjønnsmidlar til prosjekt om busetting av flyktningar blir gjort etter følgjande fordeling, til saman seks millionar:

<i>Kommune</i>	<i>Prosjekt</i>	<i>Tilskot</i>
Vaksdal	«Heilskap der du bur»	550 000
Odda	«Frå introduksjonsdeltakar til fagarbeidar»	500 000
Askøy	«Program helhetlig inkludering»	850 000
Fjell	«Bustad for alle»	400 000
Bergen	«Privat bosetting gjennom Bergen bidrar	600 000
Etne	«Frå introduksjonssøknad til eiga inntekt - del 2»	200 000
Bømlo	«Resurskoordinator»	250 000
Meland	«Arbeid først»	250 000
Bergen	«Leseopplæring på andrespråket»	350 000
Bergen	«Mentorordning for nyankomne EM flyktningar»	350 000
Bergen	«Språkpraksis og integrering gjennom deltidsarb.»	700 000
Fjell	«Integrering av flyktningar gjennom arbeid»	1 000 000
	SUM	6 000 000

Tilskotet vil bli gitt som eit tillegg på ein komande termin for rammetilskotet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til kvar av kommunane.

Nokre prosjekt har fått tildelt mindre midlar enn det blei søkt om. Vi ber om ei tilbakemelding til e-post fmhpostmottak@fylkesmannen.no innan 15. juni 2016 dersom denne reduksjonen gjer at prosjektet ikkje vil bli realisert.

Samstundes ber vi om å få ein kontaktperson for alle prosjekta. Seniorrådgjevar Marianne Svege er sakshandsamarar hos oss ved telefonar og spørsmål.

Rapportering

For å sikre overføringsverdi mellom kommunane skal resultatane av prosjekta dokumenterast. Vi ber difor om at kommunen rapporterer kort om korleis midlane er nytta/planlagt nytta innan 1. juni 2017.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Marianne Svege
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.